

## Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/6182-2

16. september 2022

## Redusert energiforbruk i eigde og leigde lokale

Europa står i ei alvorleg energikrise med høg etterspørsel etter energi, mellom anna som følge av redusert import frå Russland, og høge prisar. Redusert energibruk er eit av fleire tiltak som har høg merksemd i dei fleste land.

I Noreg merkar både privatpersonar, næringsliv, kommunar, frivillige organisasjonar og andre konsekvensane av dei svært høge straumprisane. Samstundes er fyllingsgrada i vassmagasina i Sør-Noreg ved inngangen til hausten låg.

Eg meiner det er viktig at staten tek grep for å bidra til lågare energibruk.

Eigedomsporteføljen til staten er av betydeleg størrelse, med eit stort potensiale til å spare straum. Lågare energibruk vil i tillegg vere økonomisk lønsamt for staten.

På bakgrunn av dette oppmodar eg departementa om å iverksette tiltak som kan redusere straumforbruket i statlege bygg i sine sektorar. Dette gjeld både for leigde lokale, sjølvforvalta eigedomar og for eigedomar forvalta gjennom statens husleigeordning.

Vi er i ein ekstraordinær situasjon som krev at vi handlar raskt. Tiltak som vil kunne gi effekt på kort sikt, er styring av ventilasjon, temperatur og belysning i bygg. Dei færreste bygg har full brukstid for alle rom heile døgnet. Dersom ein konsentrerer bruken til færre rom, vil ein kunne skru av ventilasjon, oppvarming og belysning i rom som ikkje vert brukt. Lys og gatevarme på uteareal bør vere skrudd av når det ikkje er behov for det. Ein gjennomgang av tekniske installasjonar kan òg avdekke om det er unødvendig utstyr som står på og krev energi. Ei rekke verksemder har allereie iverksett tiltak for å redusere energibruk og kostnader. Samstundes er det viktig at ein i ulike verksemder går igjennom korleis ein kan gjennomføre fleire og forsterka tiltak.

Eg vil òg oppmode til å sette i verk meir langsiktige tiltak som kan redusere energibruken i statlege lokale. Det kan vere installering av lokal fornybar energiproduksjon som solcellepanel, varmepumper (luft til luft og væske til vatn), solfangar, samt varmesentral basert på flis, brikettar o.l. Andre effektive tiltak er etterisolering og utskifting av vindauge og dører med høgt varmetap. Det kan gjennomførast termofotografering for å avdekke varmetap i bygget. På lang sikt vil det òg kunne vere lønsamt å installere varmegjenvinning for ventilasjon og avløp.

Alle departement er ansvarlege for sine sektorar. Eg ber om at departementa orienterer sine verksemder så raskt som mogleg.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Kopi

Forsvarsdepartementet  
Statsministerens kontor

## Adresseliste

Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Postboks 8019 Dep 0030	OSLO
Barne- og familieldepartementet	Postboks 8036 Dep 0030	OSLO
Finansdepartementet	Postboks 8008 Dep 0030	OSLO
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep 0030	OSLO
Justis- og beredskapsdepartementet	Postboks 8005 Dep 0030	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep 0030	OSLO
Kultur- og likestillingsdepartementet	Postboks 8030 Dep 0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep 0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep 0030	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep 0032	OSLO
Olje- og energidepartementet	Postboks 8148 Dep 0033	OSLO
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep 0030	OSLO
Utenriksdepartementet	Postboks 8114 Dep 0032	OSLO